



PR, kommunikasjon og media



Er du interessert i fagfelt som marknadføring, journalistikk, PR og marknadskommunikasjon? Då kan ein bachelor i PR, kommunikasjon og media vere noko for deg! Høgskulen i Volda har i dag eit av dei mest sentrale utdanningsmiljøa innanfor media og kommunikasjon i Noreg. Vi samarbeider tett med arbeidslivet, noko studentane får nytte av gjennom relevante gjesteforelesingar og gode praksisordningar.

Studieinnhald

Alle organisasjonar kommuniserer med omverda, og behovet for meir og betre kommunikasjon aukar. Korleis ein organisasjon kommuniserer med seg sjølv og omverda, har innverknad på blant anna omdøme, effektivitet og økonomi. Som student ved bachelor i PR, kommunikasjon og media, får du kompetanse til å planlegge og gjennomføre kommunikasjonstiltak, samt å utføre overordna strategiske analysar. Du skal innoom fagfelt som PR- og kommunikasjon, medievitskap, journalistikk og samfunnskunnskap.

Internasjonalisering

Det er mogleg å gjennomføre delar av dette studiet i utlandet. Vi rår mellom anna til utveksling til University of Westminster i London, Griffith College Dublin i Irland eller Hawaii Pacific University i USA. Høgskulen i Volda har også relevante samarbeidsinstitusjonar i Australia, Belgia, Danmark, Japan, Nederland, Sør-Korea og Tyskland.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga ved bachelor i PR, kommunikasjon og media er lagt opp i ein kombinasjon av forelesing, sjølvstudium, gruppearbeid og praktiske øvingar. Du får også tilbod om å delta på ein eller fleire studieturar. Kommunikasjonsutdanninga legg stor vekt på samanhengen mellom teori og praksis, og undervisninga er kombinert med jobbrelevante praksisordningar. Det siste semesteret skal du gjennomføre ekstern praksis i ei relevant kommunikasjonsavdeling eller anna relevant verksemd. Les meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Bachelor i PR, kommunikasjon og media kvalifiserer deg til kommunikasjonsfagleg arbeid i offentleg forvaltning, frivillige organisasjonar og private verksemder. Relevante arbeidsplassar vil vere kommunikasjonsbyrå og ulike stillingar i både frivillig, privat og offentleg sektor. Her

Studiepoeng / lengd: 180 / 6 semester (3 år)

Opptakskrav: Generell studiekompetanse.

Søknadsfrist: 15. april i Stengt for søking

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no